



Det aktuelle og omstridte området ligg til høgre for vegen, nedafor krysset. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Som han har varsla før har fylkesmannen no klaga på kommunen sitt vedtak om å gje dispensasjon for frådeling av ei tomt på inntil fire dekar ved Musland.

Søkjar er Haldis Myklebust og arealet skal nyttast til næringsføremål for maskinstasjonen som allereie ligg der og som tilleggsareal for ein bustad.

I gjeldande arealdel til kommuneplanen er området sett av til LNF-føremål.

Fylkesmannen kan framleis ikkje sjå at det føreligg særlege grunnar for å dispensera frå deleforbodet etter gjeldande plan. Han peikar igjen på at saka er dårleg opplyst, både med omsyn til kart og teikningar og også med omsyn til kva den aktuelle tomte skal nyttast til.

Det går fram at tomte allereie blir nytta som lagerplass for makinar og at det i framtida vil vera aktuelt å setja opp ein hall for å driva vedlikehald på maskinparken. Etter fylkesmannen sitt syn til både denne og ein eventuell hall vera skjemmande element i kulturlandskapet.

Fylkesmannen meiner vidare at tomte er svært stor i høve til dei uklære rammene kommunen har sett for bruken av tomte. Det er ikkje sett vilkår til kor stor del av tomte som kan nyttast til oppbevaring av maskinar, kva aktivitetar som inngår i 'næringsføremål#' og heller ikkje andre krav knytt til omfang, estetikk eller tryggleik.

Kommunen meiner at det ikkje er teneleg å utarbeida reguleringsplan, men fylkesmannen ser tiltaket som såpass omfattande og klårt i strid med LNF-føremålet at han er svært kritisk til at endringa vert gjort som dispensasjon.

Dersom det ikkje er ynskjeleg å regulera området, lyt kommunen ta opp ei eventuell endring frå INF til næringsføremål ved neste rullering av kommunedelplanen.

Fylkesmannen minner om at kommuneplanen skal vera førande for arealbruken. Dispensasjonar gjer det vanskeleg å gjennomførre ein heilskapleg arealbruk og vil på sikt kunne bidra til å svekka planverket og utvatna arealføremåla.

Plassering av næringsverksemd bør alltid takast opp i ein planprosess og ikkje ved å dispensera frå gjeldande plan, held fylkesmannen fram.

Av Ola Matti Mathisen